



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
19/941-

Dato
12. april 2019

Spørsmål nr. 1404 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Une Bastholm til samferdselsminister Jon Georg Dale

Eg viser til brev av 5. april 2019.

Spørsmål:

"Norge skal redusere støyplagen 10 prosent innen 2020 ifht 1999. Støyplagen har tvert imot økt, mest pga. veitrafikkstøy. Redusert fart og trafikk, samt skjerming er viktige tiltak. Hva er brukt per år 2013-2018 til: Planlegging av E6 Oslo Øst/Manglerudprosjektet; Planlegging og tomteerverv på E18 Vestkorridoren; Planlegging og gjennomføring av hhv. støyskjermingstiltak på riksveinettet i Oslo og trafikksikkerhetstiltak på riksveinettet i Oslo?"

Svar:

Når det gjeld E6 Øst/Manglerudtunnelen er dette et prosjekt som m.a. føreset bompengar frå Oslopakke 3 i tillegg til ei eiga bompengefinansiering i Oslo. Det er òg avsett midlar til prosjektet i NTP 2018-2029. Hensikten med prosjektet er å betre forholda for alle trafikantgrupper og for dei som bur på Manglerud og Teisen gjennom god framkomst, auka kapasitet og betre føreseielegheit for kollektivtrafikken og for gods- og næringstransporten. Vidare skal prosjektet gi reduserte luft- og støyplager for dei som bur langs E6, samt eit samanhengande og trygt gang- og sykkelvegnett.

E18 Vestkorridoren er òg eit prosjekt som m.a. har som føremål å redusere trafikkskapte miljøproblem sidan dagens E18 både er ei visuell og funksjonell barriere og påfører omgivnadene stor påkjenning i form av støy og luftforureining.

Både E6 Øst/Manglerudtunnelen og E18 Vestkorridoren er viktige og prioriterte vegprosjekt for denne regjeringa.

Under følger ei oversikt over føresette løyvingar til dei omtalte formåla i perioden 2013-2018, fordelt på år. (Statens vegvesen har fullmakt til å kunne gjere nokre omdisponeringar innanfor desse løyvingane):

Mill. kr

Prosjekt/formål	Budsjett					
	2013	2014	2015	2016	2017	2018
E6 Manglerudprosjektet, planlegging	7	4	5	33	70	60
E18 Vestkorridoren, planlegging			29	95	49	90
E18 Vestkorridoren, grunnnerv			250	100	200	300
Støyskjerming, Oslo	16			4		
Trafikksikringstiltak, Oslo	2	43		13	3	18
Sum	25	47	284	245	322	468

Med helsing

Jon Georg Dale

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrevne signaturar.

Kopi: Vegdirektoratet